



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref  
2015/2151-108

Vår ref  
16/2277-

Dato  
05.07.2016

**Hordaland fylkeskommune - melding om midlar desentralisert ordning kulturbygg 2016 -**

Overskotet frå spelemidlar til kulturføremål vart fastsett på generalforsamlinga til Norsk Tipping AS 12 .april d.å. Den endelege summen som Kongen fordelte til kulturføremål, er 655,2 mill. kroner.

Av desse midlane skal 210,3 mill. kroner gå til å realisera Den kulturelle skulesekken, 63,7 mill. kroner til kulturbygg og resten til andre kulturføremål.

Den desentraliserte tilskotsordninga for kulturhus skal tilførast kr 63 734 000 av den delen av spelemidloverskotet som skal nyttast til kulturbygg i 2016.

Forvaltninga av den desentraliserte ordninga for kulturhus er delegert til fylkeskommunen. Departementet utbetaler midlane til fylkeskommunen etter ein fordelingsnøkkel fastsett av departementet, jamfør pkt. 5 i dei vedlagde retningslinene.

Tilskotet til Hordaland fylkeskommune i 2016 er **kr 5 118 278**. Summen vil verta overført til Hordaland fylkeskommune, bankkontonummer, 5205.06.97916 merkt ”Tilskot til kulturbygg 2016”, så snart som mogeleg. Det vert elles lagt til grunn at vidare fordeling av midlar skjer i samsvar med retningslinene for den desentraliserte ordninga for tilskot til kulturbygg.

Med helsing  
Stein Sægrov (e.f.)  
avdelingsdirektør

Hilde Mortvedt  
seniorrådgjevar

Vedlegg: Retningslinene

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan handskriven signatur.*

